

Bygland kommune
Med hjarta i Bygland


ROTTFEST FRAMTID

TEMAPLAN FOR KULTURMINNE

Bygland 2020-2032



Vedteke av kommunestyret den 14.05.2020, k – sak nr 30 / 20.




Innhald

	Side- tall
1. BAKGRUNN OG PLANTYPE	
1.1. Innleiing	2
1.2. Bakgrunn for kulturminneplanen	4
1.3. Overordna planar og rammer for arbeidet	5
1.4. Planprosess	7
2. OVERSYN OVER KULTURMINNA	9
2.1. Forhistoriske kulturminne	9
2.2. Bygningsvern	11
2.2.1. Bygningar frå middelsalderen	11
2.2.2. Vedtaksfreda bygningar	13
2.3. Annan bygningsmasse	13
2.4. Kulturlandskap	14
2.5. Kyrkjer og kyrkjerestar	17
2.6. Kommunikasjonar	18
2.6.1. Gamle vegar	18
2.6.2. Fånefjell	19
2.6.3. Storstraumen	20
2.6.4. Dampbåten DS Bjoren og bryggjer langs fjorden	21
2.6.5. Byglandsfjord jernbanestasjon	23
2.6.6. Ose	24
2.7. Kulturstiar/Turvegar	24
2.8. Museum	26
2.9. Immateriell kulturarv	27
2.10. Kraftutbygging	29
2.11. Gruvedrift	30
2.12. Tømmerfløting	30
2.13. Krigsminne	31
3. PRIORITERINGAR	32
3.1. Handlingsplan	32
4. VEDLEGG	36
4.1. Landeskogen	36
4.2. Øydegardar og støylar	37
4.3. Skular og forsamlingshus	37
4.4. Litteratur	38
4.5. Rapportar og registreringar	39

*Framsdebilete: Del av Fånefjellvegen og riksveg 9 på sørsida av Lisle Fånefjell.
Bilete: Susanne Hegenscheidt*





1. BAKGRUNN OG PLANTYPE

1.1. Innleiing

Kulturminne og kulturmiljø er i dag rekna som fellesverdiar i samfunnet. Dei er ressursar til kunnskap, oppleving og bruk, både for den einskilde og for fellesskapet.

I statleg politikk har vern av kulturminne to hovudfokus: Ein skal sikra dei ikkje-fornybare ressursane frå øydelegging, samstundes som ein skal leggja dei til rette for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

Kulturminne og kulturarv er den historiske plattformen samfunnet og lokalmiljøet vårt er bygd på. Kulturminne gir identitet og særpreg til ein stad eller eit område, samtidig som dei ved å vere ei felles plattform knyt oss saman.



Bygland kyrkje og kommunehuset.
Dronebilete: Tor Ånon Kleivane

Ved å gjere kulturminna meir synlege og tilgjengelege, legg vi til rette for gode opplevingar for enkeltmenneske, og samfunnsutvikling og verdiskaping til beste for fellesskapet.

Kulturminne og kulturarv er den historiske plattformen samfunnet og lokalmiljøet vårt er bygd på. Kulturminne gir identitet og særpreg til ein stad eller eit område, samtidig som dei ved å vere ei felles plattform knyt oss saman. Ved å gjere kulturminna meir synlege og tilgjengelege, legg vi til rette for gode opplevingar for enkeltmenneske, og samfunnsutvikling og verdiskaping til beste for fellesskapet.

Vi må likevel ikkje gløyme at mange kulturminne er i privat eige/ligg på privat eigedom, og de er ein viktig føresetnad at ein informerer og gjer avtale med dei som vert berørde før ein kan leggje til rette for at folk flest kan få tilgang.

Gruppering av kulturminne?

Kulturminnelova definerer kulturminne som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med kulturmiljø menes hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»




Bunadsaum. Bilete Marit S. Kvaale

Vi skil mellom:

- faste kulturminne (bygningar, murar, vegar o.l.)
- lause kulturminne (gjenstandar)
- immateriell kulturarv (kunnskap og ferdigheiter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk.)



Gamal slipestein på Lidtveit
Bilete: Susanne Hegenscheidt



Faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda. Det same gjeld ståande byggverk frå perioden 1537-1649. Rundt desse gjeld ei sikringszone på 5 m. Kulturminne kan i tillegg vere freda etter vedtak.



*Stabbur frå 1647 på
Nedgarden på Frøysnes.
Bilete: Anne Turid
Bjørnstad Frøysnes*

Lause kulturminne har også lovvern. Finn nokon gjenstandar i jorda eldre enn frå år 1537 er dei statens eigedom (arkeologiske funn). Ut over det er forvaltning av lause kulturminne ikkje del av denne planen.


Mange kulturminne fell utanfor desse definisjonane og med det også lovverket. I kulturminneplanen som no skal utarbeidast, legg vi til grunn at kulturminne ikkje berre er ein ressurs her og no, men også ein ressurs vi forvaltar på vegner av dei som kjem etter oss. Både det offentlege og innbyggjarane i kommunen har eit ansvar for å ta vare på kulturarven på ein god måte. Men ikkje alle spor etter fortida kan takast vare på, og det er viktig at vurderingar rundt kva som skal prioriterast vert gjort på fagleg grunnlag.

Initiering av planarbeidet

Aust-Agder fylkesting vedtok i februar 2017 strategiplanen «Et godt varp 2014-2017 – Strategi for kulturminner og kulturmiljøer i Aust-Agder», der eit av måla i handlingsprogrammet er å «etablere prosjekt kommunale kulturminneplaner i samarbeid med kommunene».

Aust-Agder fylkeskommune har i den samanheng initiert at planarbeidet for Bygland og Valle vert gjennomført som eit samarbeid, men likevel slik at det endar opp i eigen plan for kvar kommune. Riksantikvaren har løyvt kr. 100.000,- til kvar av kommunane til arbeidet.

Arbeidet med ein kulturminneplan heimla i kommunestyrevedtak datert 9.2.2017. Undervegs i arbeidet blei det i K – sak nr 28 / 19 den 10.04.2019 avklart at kulturminneplanen skulle vere ein temaplan slik at samordning med Valle kommune falt meir naturleg.



1.2. Bakgrunn for kulturminneplanen

Eit kulturminne er i vidaste forstand også det som vart laga i går. Som regel vel vi å nytte nemninga kulturminne først når vi har ei viss avstand i tid. Det er alltid eit innslag av skjønn med i vurderingane. Andre gonger gjev ny kunnskap oss signal om at vi må tenkje på ein annan måte. Eit eksempel på det er mellom anna kolgropene og slagghaugane rundt i heiane som ingen tenkte det var nokon grunn til å bry seg om før arkeologane begynte å kome med interessante analyser og teoriar.

Kulturminnevern er på mange måtar eit splitta ansvar mellom mange og ulike offentlege institusjonar og instansar. Når kunnskapen også er splitta, er det stor risiko for at nødvendig informasjon ikkje når fram til sakshandsamar før det vert fatta uheldige vedtak på sviktande grunnlag.

I skiftande tider er kulturminne og kulturmiljø noko av det som kan stå for stabilitet, og gjev identitet. Dei fleste kulturminne bryr seg lite om kommunegrenser. Dei kan geografisk vere utbreidde som fenomen, men det særskilte kulturminnet knyttar seg til ei grend eller eit bruk – til dei mindre einingane.


Saman med den nedre delen av Bykle kommune høyrer både Bygland og Valle til eit felles kultur-område med lett identifiserbare indikatorar som drakt, byggjeskikk og dialekt. I tillegg kjem ein omfattande immateriell kulturarv som mest tydeleg kan synleggjerast gjennom eksempelet folkemusikk, -song og -dans.



17. mai i Åraksbø
Bilete: Susanne Hegenscheidt



Kim Rysstad med
folketonar ved feiringa av
800 årsdagen for
Haugeburet i Åraksbø,
02.09.2017
Bilete: Susanne
Hegenscheidt



Det vil difor vere både rett og nyttig å sjå kulturminna i ein større samanheng. Kommunane i Setesdal er rik på kulturminne. Å forvalte desse på ein god måte er eit felles ansvar. Det offentlege skal handheve lovverk, og syte for retningsliner og planar og oppfølging av desse. Dette må skje i samspel med private, både grunneigarar og andre.

Kompetanseutvikling i lokalforvaltinga er eit av satsingsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. Det er også eit satsingsområde i Aust-Agder fylkeskommune, og dermed også i Bygland og Valle.

1.3. Overordna planar og rammer for arbeidet

Forvaltning av kulturminne er underlagt Kulturminnelova av 1978.

I utkast til Regionalplan Agder 2030 er visjonen for utviklinga det komande tiåret skildra på denne måten:

Kulturinstitusjonar, museum, idrettsarenaer og ein unik kulturarv gjer Agder til eit attraktivt reisemål. Ei veksande mengde menneske frå inn- og utland vel derfor å feriera her. Det er eit omfattande klyngesamarbeid mellom kultursektor og reiseliv som er leiande innanfor teknologisk utvikling.

I handlingsdelen til planen er det sett opp følgjande som mål og tiltak som også berører kulturminnevernet:


- Jobbe aktivt for at uthavnene og Setesdalskulturen ivaretek UNESCO verdensarvstatus.
- Etablere og videreutvikle bygningsvernssentre.
- Utvikle modeller for samskaping mellom aktørene innen immateriell kulturarv.
- Jobbe for at Riksvei 9 gjennom Setesdal får status som nasjonal turistveg.



*Hardingfeler (Olav G. Helland og Sveinung Gjøvland) på Sylvartun, Rysstad
Bilete: Susanne Hegenscheidt*

Nasjonale mål for kulturminne og kulturmiljø sette av Stortinget er:

- Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ikkje overstiga 0,5 prosent innan år 2020.
- For automatisk freda arkeologiske kulturminne skal det årlege tapet ikkje overstiga 0,5 prosent innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Eit representativt utval automatisk freda arkeologiske kulturminne skal vera sikra innan 2020.
- Planlegging i kommunar, fylke og regionar skal medverka til å hindra uønskt nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.



Avgrensingar

I kommuneplan for Bygland heiter det:

Kommunen skal stimulere til, og legge til rette for, at kulturlandskap og kulturmiljø skal vere viktige ressursar for trivsel og utvikling.

Planen konsentrerer seg einssidig om faste kulturminne/kulturmiljø, med immateriell kulturarv i høve til folkemusikk, -song og dans som eit enkeltstående unnatak.

Ei ytterlegare avgrensing vil liggje i at ein i den prosessen som startar no, konsentrerer seg om bygdenære ting, ikkje langt frå elva og rv. 9.

Seinare planarbeid vil kunne utvide dette perspektivet til også å gjelde heiane.

Kommunedelplan eller temaplan?

Dette er den første kulturminneplanen i kommunen og eit første forsøk på å skape eit grunnlag for å sikre ei heilskapleg forvaltning innan kulturminnevernet.

Planen må følgjast opp i anna offentleg planleggingsarbeid, og vil vere førande for all byggjesak og planhandsaming i kommunen. Ivaretaking av kulturminne må også forankrast opp mot kommunen si økonomi – og budsjettplanlegging.

Med dei ressursar som var tilgjengelege måtte det gjerast nokre val for å kome i mål. Vi har fokusert på nokre utvalde tema og nokre stader der det er mogeleg å velje ut kulturmiljø. I tillegg vil det verte trekt fram enkeltstående kulturminne med særskilt status.

Område og kulturminne som alt har vernestatus vil sjølvstøtt inngå i planen. Anna vern av kulturminne må sikrast gjennom arealdelen i kommuneplanen (etablering av omsynssone kulturmiljø) og reguleringsplanar.




Runestein ved Årdal kyrkje, Grendi
Bilete: Malin Hegenscheidt

Ansvar

Offentlege forvaltarar har ulikt ansvar innan kulturminnevernet:

- Klima- og miljøverndepartementet er formelt ansvarleg for det nasjonale kulturminnevernet.
- Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og ansvarleg for gjennomføring av statleg kulturminnepolitikk. Riksantikvaren kan gjere vedtak om freding
- Aust-Agder Fylkeskommune forvaltar kulturminnevernet på regionalt nivå.
- Kulturhistorisk Museum i Oslo har ansvar for fornminne og før-reformatoriske gjenstandar.
- Norsk Maritimt Museum har ansvar for kulturminne under vatn.
- Kommunane i dalen har kvar for seg ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og at kulturminne vert teke omsyn til i kommunale planprosessar og byggesaker.



Ein vil gjere merksam på at Aust-Agder museum og arkiv/Setesdalsmuseet ikkje har ein formalisert rolle i kulturminnevernet. Arbeidet ved museet, og kompetansen til dei tilsette, gjer det likevel naturleg å rådføre seg og til tider samarbeide om kulturminneprosjekt.

Mål


Bykle kommune er alt ferdige min sin plan. Denne har fått god mottaking, og så langt råd er vil vi bruke den planen som ein mal og rettesnor også i arbeidet med kulturminneplanar for Valle og Bygland.

Vi tillet oss å kopiere Bykle sin kulturminneplan på det feltet:

Å ta godt vare på kulturminne vitnar om ein kommune som er seg bevisst si historie i møte med framtida. Ei sterk og levande lokal kulturhistorie er rygraden når nye innbyggjarar skal intergerast og inkluderast. Det er det ein kan bygge vidare på i møte med nye kulturar.

Planen skal hjelpe oss til å:

- synleggjere
- prioritere
- vise fram- bli medvetne på
- vedlikehalde
- bruke



Kulturminneplanen
2016 - 2019
Bykle Kommune

1.4. Planprosess


Oppstart:

Bygland kommune godkjente i møte 09.02.2017 planprogrammet, og at planen skulle vedtakast som ein kommunedelplan. Dette vart i kommunestyremøte den 10.04.2019 vedteke endra til temaplan slik at prosessen kunne samordnast med Valle. Politisk styringsgruppe er Plan – miljø – og resursutvalet.

Leonhard Jansen, konservator ved Setesdalsmuseet, vart engasjert til arbeidet hausten 2017. Kort tid etterpå vart det på initiativ frå arkeolog/rådgiver kulturminnevern i Aust-Agder fylkeskommune invitert til eit møte på Bygland den 10. oktober, der det vart bestemt at planarbeidet i Valle og Bygland skulle koordinerast.

Prosjektgruppa vart på bakgrunn av dette samansett slik:

- Prosjektleiar: historikar Leonhard Jansen
- Valle kommune: leiar kultur og fritid Valle Torunn Charlotte Nyberg
- Bygland kommune: tenesteleiar DFV Bygland Kjell Øyvind Berg
- Fylkeskontakt: kulturvernrådgiver Frank Allan Juhl



Utarbeiding:

Konservator ved Setesdalsmuseet, Leonhard Jansen, er engasjert til å skrive planen. Dette er ei ordning som er særskilt avtalt med leiinga på Setesdalsmuseet. Plangruppa har undervegs i arbeidet hatt 4 drøftingsmøte.

Det opphavelige tidsskjemaet innebar godkjent plan i september 2018, men av ulike årsaker har dette drege lenger ut i tid enn tenkt.

Medverknad:

Det vart tidleg i prosessen gjennom annonse i Setesdølen og sosiale medier invitert til informasjons- og innspelsmøte.

Desse vart avhalde 3. mai 2018. Det var få frammøtte, men fleire nyttige innspel og synspunkt kom fram og vart drøfta. Ut over dette har ein i løpet av prosessen hatt kontakt med personar med kunnskap/relevans til dei tema ein tek med i planen.


Setesdalsmuseet sine arkiv/samlingar vert stilte til disposisjon under arbeidet.



Setesdalsmuseet i Rysstad vart etablert i 1938 for å ta vare på kulturgjenstander i Setesdal. Museumsbygget på Rysstad vart opna i 1993. Bilete: Leonhard Jansen / Setesdalsmuseet

Høyring:

Høyringsutkast til kulturminneplan med handlingsprogram vart lagt ut til høyring hausten 2019 med endeleg høyringsfrist til den 31.12.2020. Kommunestyret gjer vedtak om endeleg kulturminneplan med handlingsprogram i løpet av våren 2020.



2. OVERSYN OVER KULTURMINNNA

Kulturminna er i praksis ganske umuleg å få eit fullstendig oversyn over. Til det er omfanget så stort, og det er heller ikkje alltid innlysande kva som høyrer med i eit slikt oversyn. Tenkjer ein på kulturminne som noko alle kan oppsøkje, er det nødvendig med ei grensetrekking til det som er i privat eige. Ikkje alle ønskjer folk inn på tunet for t.d. å sjå det gamle loptet.

I oppsettet som følgjer har ein freista å gruppere kulturminna på ein logisk måte, men det er alltid noko som er vanskeleg å plassere. Andre kjem med fleire gonger.

På somme tema er det alt utført registreringar. Vi har kopiert opp og digitalisert alle kjende rapportar som er mogeleg å leggje til grunn i denne samanheng. (Reidar Tveito sine nyare vegbøker har eg ikkje førespurt han om.) Desse er lista opp under kvart tema.

Vi viser også til SEFRAK-registreringane og Askeladden / Kulturminnesøk som gode kjelder til mykje informasjon.

Gards- og ættesoga for Bygland kommune (til no gardane ned til Jordalsbø) av Reidar Vollen inneheld mykje informasjon om kulturminne, men opplysningane er delvis «gøymt» mellom mykje anna tekst. *Bygland Soge* frå 1939 er også eit nyttig oppslagsverk i denne samanheng.

Valle Kultursoge av Leonhard Jansen og Alfred Ryningen frå 1994, har mykje historisk faktakunnskap som går rett inn i fleire av dei tema som det er fokus på i denne planen. Det generelle i stoffet gjeld som oftast like mykje for Bygland sjølv om t.d. eksempla i hovudsak er henta frå Valle.


2.1. Forhistoriske kulturminne

Då sokneprest Erik Leganger tidleg på 1700-talet sette seg ned med fjørpenn og blekk for å gjeve ei skildring av Setesdal, vert konklusjonen at dalen nok var «opfunden og opdyrket noget efter Syndfloden, dog før Christi Tid».

Heilt bokstavleg skal vi ikkje tolke denne, men arkeologiske granskingar har dei siste åra gjeve oss heilt ny informasjon om forhistoria i dalen. På Langeid vart det funne stolpehol etter bygningar som er daterte til mellommesolitikum, dvs. 8000 - 6500 f. Kr. Det kan vanskeleg tolkast på annan måte enn at nokon alt då hadde sett opp ein bygning der.



Bygland gard og ætt, bind I. Bilete: Susanne Hegenscheidt



Frå før var dei funna vi kjenner knytta til flint og kvarts etter vandrane veidefolk. På Moi vart det avdekka spor etter bronsealderhus.

Setesdal, og Valle spesielt, har lenge vorte oppfatta som ein stad der det må ha vorte drive omfattande handel alt i vikingtida. Dette byggjer på uvanleg mange funn av importgjenstandar, myntar og vekter / vektlodd.

Utgravingane på Langeid i 2011 knyter på alle måtar nedre del av dalen til det same kontaktnettet, og med det uvanleg flotte Langeidsverdet som eit høgdepunkt.

Det er grunn til å sjå desse funna i samband med omfattande utvinning av jern i dalen frå vikingtid til høgmiddelalder.



Langeidsverdet er eit vikingsverd som vart funne på Langeid i Bygland i 2011.
Bilete: Geir Daasvatn




På Sordal stod Haugeteddann. Dei vart ofra til for å blidgjere gudane (vettetre).
Bilete: Susanne Hegenscheidt

Særleg interesse:

- Bygdeborg Horgenipen
- Gravrøyser Lauvdalsodden
- Lunden Heistad
- Ellingstjønn
- Frøysnes/Lundarhalsen
- Haugeteddann Sordal
- Gravfelt Nese (Hanehaug m.m.)



Hanehaug ved Neset på Bygland. Bilete: Susanne Hegenscheidt



Andre forhistoriske minne:

- Runestein Årdal kyrkje
- Fallosar Bygland kyrkje
- Fallosar Sandnes kyrkje
- Steinmerr Austad kyrkjegard, Austad
- Bautastein Birkeland

Status: Bygland og Valle vart registrerte for Økonomisk Kartverk ca. 1980-1984. Dette er supplert med nye registreringar fram til i dag, og er lagra med koordinatar i Askeladden. Nye metodar og nye utgravingar vil også i framtida gi fleire opplysningar

Mål: Oppfylle statlege mål om at årlege tap av kulturminne, kulturmiljø og arkeologiske kulturminne innan år 2020 ikkje skal overstige 0,5%.



Fallossteinane ved Bygland kyrkje
Bilete: Susanne Hegenscheidt

2.2. Bygningsvern

2.2.1. Bygningar frå middelalderen

Det er lite å finne om Setesdal i dei eldste skrivne kjeldene. «Egdafylke», eller Agder, vart ein del av Gulating. I 1274 kom «Magnus Lagabøtes Landslov», i staden for dei gamle landskapslovene. Då møtte tolv menn frå Egdafylke på Gulating.


Biskopen hadde sete i Stavanger fram til 1682, då Kristiansand overtok som stiftsstad. Det bidrog nok også til ei endring av folks reisevanar, sjølv om det for folk lengst oppe i dalen framleis var ei kortare reise å dra til Stavanger og handle korn og anna vare enn til Kristiansand.

Frå Valle gjekk det også vegar over til Finndalen og derfrå nedover mot Nedenes der det var kongsgard. Frå Bygland gjekk de vegar over til Tovdal og vidare ned til kysten. Også der kom det til å bu mektige folk som kravde skatt av bøndene i Råbyggjelaget som Setesdal var ein del av.

Byggjeskikken endra seg i sein vikingtid. Dei gamle langhusa der alle hadde sin plass under eitt og same tak måtte vike plassen for mindre laftebygningar som kvar for seg hadde ein eigen funksjon. Dette vart den rådande måten å byggje hus på i århundra som fylgde. Alle bygningar var av tre, og storparten av desse i lafteteknikk.



Utsnitt av miniatyrmåleri frå lovskriftet Codex Hardenbergianus, eit håndskrift frå 1300-talet. Det viser kong Magnus Lagabøte som gir frå seg Landsloven 1274–1276. Bilete: Wikipedia



Austadburet på Nørdre Austad er frå om lag 1344. Det er eitt av dei eldste bura i Setesdal. Bilete: Susanne Hegenscheidt

Av alle kjende middelalderbygg i Noreg er 20% i Aust-Agder, og av dei er dei fleste å finne i Setesdal.

Middelalderbygningar:

- Haugeburet – 30/4 lopt 1218
- Nørstevodd Skomedal 34/2 – 1522
- Nørdre Austad 13/8 - 1345

Status for registrering:

Det som er kjent er registrert i Askeladden, men nye dendrokronologiske prøveboringar har i seinare år gjeve ein vekst i talet på middelalderbygningar i dalen.


Byningsvernssenteret ved Setesdalsmuseet har teke initiativ til at det vert utarbeidd nye dendrokronologiske kurver som med stor sannsynlegheit vil gjeve mange fleire sikre – og eldre - treff på boreprøvene.



Nørstevoddburet på Skomedal. Bilete: Geir Daasvatn



Haugeburet i Åraksbø er det største og eldste buret i Noreg. Bilete: Geir Daasvatn



2.2.2. Vedtaksfreda bygningar

Det er ingen tvil om at nedgangstidene i seinmiddelalderen med pest og epidemiar som ei hovudforklaring, sette bygdene i dalen kraftig tilbake. Busetjinga trekte seg tilbake frå heiane og ned i dalen. Vi har ingen tal eller anna empirisk materiale å vise til, men gjennom den metodikken som vart utvikla i samband med det norske ødegårdsprosjektet, er det muleg å nærme seg.

Grovt sagt vil vi kunne påstå at det kring år 1500 berre var eitt bruk på kvar gard. Då 1600- talet ebba ut kunne det vere både 4 og 5 bruk, og folketalet hadde auka mykje. Ein stor del av den eldre bygningsmassen er frå denne perioden. Vi veit og at det fann stad gjenbruk av materialar frå dei gamle middelalderbygningane.

Mykje av denne bygningsmassen eksisterer framleis, men er godt gøymt bak nye fasadar. Vi har ingen fullstendig oversikt, anna enn at SEFRAK-registreringane gjev oss nokre haldepunkt. Nokre av desse bygningane er vedtaksfreda. Anten på grunn av sikker datering (1537-1649) eller etter ønskje frå eigar.

Vedtaksfreda bygningar

- Nordgarden 29/2 – lopt 1614
- Stoplestog 26/36 – 1620 (?)
- Nørdre Frøysnes 18/3 – 1647
- Ose 15/1 – udatert




Stoplestog i Åraksbø, restaurering sommaren 2020. Bilete: Susanne Hegenscheidt

2.3. Annan bygningsmasse

Som nemnt ovanfor, skjuler det seg mange gamle bygningar bak tilsynelatande ganske nye fasadar. SEFRAK- registreringane avslører noko av dette, men med tanke på alder er det mykje som ikkje er fanga opp.



Skore vart lagt øyde etter Svartedauden (om lag 1350), men kom i drift att etter 1620. Bilete: Susanne Hegenscheidt



Vi vil trekkje fram følgjande samlingar av hus/særeigne gardstun som ikkje er verna, men som likevel har interesse/kvalitetar ut over det ordinære. Dette er private samlingar som eigarane sjølve har eit forvaltingsansvar for, og såleis utanfor det offentlege sitt ansvarsområde. Dei fell difor utanfor tiltaks-/handlingsplanen.

Det eksisterer ulike ordningar der private kan søkje tilskot frå i samband med restaurering, m.a. Kulturminnefondet.

Tunsamlingar

- Skore
- Knut G. Austad, Austad 13/8 – loft er freda
- Storstoga Ose datert 1651
- Ose turistheim

Status: Dei fleste bygningar eldre enn år 1900 er registrert i SEFRAK, men kvaliteten på registrerande er varierende.

Aust-Agder museum og arkiv/ Setesdalsmuseet har etablert eit bygningsvernsenter med eigen laftehall. Det er eit mål å utvikle dette til eit nasjonalt kompetansesenter for middelalderbyggeskikk.

Mål: Behalde eit representativt utval av gamle hus, loft og ulike slag driftsbygningar.



Storstoga på Ose: Ho vart bygd på Nordre Heistad (datert 1651) og flytta til Ose 1906. Bilete: Geir Daasvatn

2.4. Kulturlandskap

Kulturlandskapa har fått si form fordi menneska gjennom generasjonar har utnytta ressursane. På den måten avspeglar og vidarefører kulturlandskapet kunnskap om byggeskikk, materialbruk, handverk, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdjar.


Når jorda vert dyrka på tradisjonelt vis, gav det landskapet ein karakteristisk utsjånad. Landskapet får kulturtrekk som fortel oss kva som kan ha vorte gjort på staden. Det er dei naturlege føresetnadane er avgjerande for korleis drifta artar seg.

Der maskinane har overteke drifta, er landskapet ganske flatt. Bekker ligg i røyr og våtlendt mark er drenert. Steinar er grave ned og masse skifta ut, slik at alt er tilgjengeleg med maskin.



Frå Jordalsbø. Bilete: Malin Hegenscheidt

Eit særtrekk ved eldre landskap er steingjerda som delar teigane den dag i dag. Sjølv om dei mange stader etter kvart er erstatta med andre gjerde, er det ein historisk dokumentasjon på det som kallast «det store hamskiftet», som mellom anna innebar at jorda vart utskifta slik at kvar bonde fekk sine teigar samla, og den etterfølgjande ryddinga av jorda for stein slik at det var mogeleg å kome fram med pløgen.



Særlege tiltak/prosjekt

I Setesdal er det framleis mange slike landskap. Nokre stader kan det vere tilgrodd i dag, men landskapet er der. Ulike tiltak er sette i verk, og Åraksbø var i si tid ein av «finalistane» til å verte kåra som eit utvald «kulturlandskap i landbruket i Aust-Agder med «store biologiske og kulturhistoriske verdier.»



Kulturlandskapet i Åraksbø. Bilete: Liv Elin Frøysnes Berg

Riksantikvaren sitt KULA-prosjekt – «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» - som er «et register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse», er tenkt som «*verktøy for kommunene slik at de kan ivareta viktige landskapsverdier i sin planlegging.*» I denne samanheng er Åraksbø føreslege som kandidat til å få ein slik status. KULA – status blir avgjort av kommunen sjølve gjennom at ein kan velje å definere KULA - arealet gjennom kommuneplanen sin arealdel som såkalla «Omsynssone C».


Tilskottsordningar

Landbruksforvaltninga har fleire tilskottsordningar for private føretak der føremålet er å fremje kulturminne – og kulturlandskapsverdier.

Regionalt miljøprogram (RMP) 2019 – 2022 for Agder er utarbeida av Fylkesmannen i samarbeid med fylkeslaga til Norges Bondelag og Norsk Bonde – og småbrukarlag samt representant frå fylkestinga og kommunane. Føremålet med regionalt miljøtilskott i Agder er å bidrage til å ivaretake **jordbruket sitt kulturlandskap**, biologisk mangfald, **kulturminne**, tilgjengelighet i jordbrukslandskapet samt redusere avrenning til vatn og utslepp til luft frå jordbruket. Det er knytt ulike vilkår og krav til dei ulike ordningane. Søknadsfristen til ordninga, som gjeld for aktive jordbrukarar, er 15.10 kvart år.

I høve denne ordninga er typiske tiltak:

- Skjøtsel av automatisk freda kulturminne
- Skjøtsel av enkeltståande automatisk freda kulturminne
- Skjøtsel av bakkemurar



Dette saman med driftstilskott til drift av kulturlandskap (beiting og bratt terreng). Landbruksforvaltninga kunne med meir resursar tilført meir utnytting av ordninga hjå fleire gardbrukarar.

Tilskott til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) er ei anna tilskottsordning der det handlar om å gjennomføre miljøtiltak utover det som er å forvente av vanlig jordbruksdrift. Føremålet med SMIL er å fremje natur – og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket.



Ryddas kulturlandskap på Lidtveit. Bilete:
Susanne Hegenscheidt

Eksempel på kulturminne i tilknytning til jordbrukslandskapet etter ordninga er:

- Alle slags bygningar på gardstun og i inn – og utmark, frå våningshus og driftsbygningar til utløer, kvernhus og koier.
- Buplassar, husetufter og ruinar, gammetufter og gardshagar
- Gravhaugar – og røyser, helleristningar, offerstadar, varp
- Rydningsrøyser, veiter / vatningsanlegg, bakkemurar, terraseringar, tre – og steingjerde, elveforbyggingar
- Gamle vegfar, stiar, vegmerke, klopper, vad, tre- og steinbruer, geil/fegater
- Jakt-, fiske- og fangstinnretninga, stakktufter, jernvinneplassar, kol- og tjøremiler, fløtningsdammar
- Bygdeborger, vardar/veter


Kulturminnefondet

er eit lågterskeltilbod og ei reindyrka tilskottsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Tilskottsordninga skal:

- Bidrage til å auke innsatsen frå eigarar og næringsliv for å take vare på kulturminne.
- Bidrage til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping
- Støtte prosjekt der det er samarbeid mellom offentlige og private aktørar.

Andre spesielle område i Bygland:

- Skore
- Jordalsbø
- Longerak



Eplehage på Longerek. Bilete: Malin Hegenscheidt

Status: Forvaltning av kulturlandskap er basert på frivillig samarbeid og lokalt engasjement. Kvart år vert det gjeve tilskot til aktive gardbrukarar for å pleie landskapet.

Mål: Behalde eit variert og representativt utval kulturlandskap.

2.5. Kyrkjer og kyrkjerestar

Akkurat når dølane vart kristna skal vi vere forsiktige med å meine noko om. Det har vorte peika på at sidan vi låg oppe i ei kro – i Råbyggjelaget – så tok det tid før kunnskapen nådde fram.

Nyare arkeologiske utgravingar dokumenterer på sett og vis at kunnskapen nok har vore der. På den andre sida kan ein også tenkje seg at verdikonservative bønder lenger enn andre stader kunne gøyme seg til å gjeve Odin og Tor ei lita oppmerksomheit når det såg som mørkast ut med avlingane.

Konklusjonen må vere at dei fyrste kyrkjene kom på 1000-talet, og folk vart sidan gravlagde på kyrkjegardar.


Portalane frå Austad stavkyrkje er daterte til seint 1100-tal/tidleg 1200-tal, og er på Kulturhistorisk museum.

Pavens rekneskap frå 1327 fortel oss at vi då hadde kyrkjer i Årdal, Bygland og Austad. Sandnes er ikkje nemnt; truleg fordi dei hadde betalt skatten sin i motsetning til dei andre.

Alle kyrkjene vart erstatta av tømmerkyrkjer i andre halvdel av 1600-talet. Nye kyrkjer vart bygde i alle sokna på 1800-talet




Portalane frå Austad stavkyrkje (Kulturhistorisk Museum). Bilete: Wikimedia Commons



Middelalderkyrkjegardar

- Årdal kyrkje 1828 m/runestein. I bruk. Listeført
- Bygland kyrkje 1838 Linstow. I bruk. Listeført.
- Sandnes kyrkje Åraksbø Linstow 1844. Flytta til Åraksbø 1935. Listeført
- Sandnes kapell. 1944 Kopi i mindre målestokk av gamal kyrkje er i bruk. Kyrkjegard også i bruk. Vernestatus uavklart.
- Austad kyrkje. Reven 1880. Kapell 1933. Nedlagd kyrkje/i bruk som kyrkjegard.
- Austad kyrkje Tveit. 1880 Ikkje listeført. I bruk.



Sandnes kyrkje i Åraksbø.
Bilete: Liv Elin Frøysnes Berg


Mål: Sikre framtidig vedlikehald av kyrkjene

2.6. Kommunikasjonar

2.6.1. Gamle vegar


Dei eldste nemnde vegane er Bispevegen austover til Fyresdal og Skinnevegen vestover mot Stavanger. Eigentleg talar vi om mange vegar eller tråkk som etter kvart samlar seg og endar i Lysebotn på vestsida (der det var mogeleg å få båtskysst til Stavanger) og Fyresdal til andre kanten. Generelt kan ein seie at til lenger opp i dalen ein kom, dess meir grunn var det til å velje ein aust-vest veg heller enn ein nord-sør veg.

Den gamle ferdslvegen gjennom Setesdal gjekk delvis i dalbotnen, delvis over fjell. Generelt kan ein seie at vegen til Kristiansand gjekk på vestsida av Otra, slik at dei som budde på austsida på dertil eigna stader tok seg over elva ved hjelp av ferje.



Bispevegen ved Rolvskvil. Bak ligger det Valevatnet. Bilete: Henrik West

Mellom Storstraumen og Vassenden/Dåsnes var det også grei ferdslveg for dei som budde på austsida av fjorden.



Det gjekk også vegar frå Valle over til Finndalen, og derfrå vidare nedover mot Arendal. Frå Bygland gjekk vegen rett over til Tovdal og derfrå til kysten.

Før Postvegen gjekk vegane mange stader der ein i dag ikkje utan vidare forstår kvifor. Ein generell regel er at vatn og vidde batt saman, medan fjell og dalar skilde.

I 1847 vart Postvegen frå Kristiansand til Valle kyrkje avlevert. I praksis var den framkomeleg alt frå hausten 1844. Frå då av har Kristiansand vore byen for dølane, og vegen har i hovudsak gått parallelt med Otra.

I boka «Frå postveg til riksveg» er alle dei gamle vegane teikna inn på kart, og med fyldige kommentarar. I boka «Riksveg 9. Bruer og særtrekk langs vegen» kan ein hent detaljert informasjon om alle bruene, men også om hendingar og utbetringar som på andre måtar har medført endring i reiserutene langsetter dalen.

Parsellar av spesiell interesse.

- Topteneset Frøysnes
- Moisletta

Overordna mål: Behalde og formidle eit representativt utval av vegminne/kommunikasjonar.

2.6.2. Fånefjell


Fånefjell består av fire generasjonar veg. Den eldste kløv- og ridevegen opp Kattedalen viser i dag som ein stig eller holveg. Denne var i bruk fram til 1842, og er utan tvil den opphavlege og mest bruka ferdslvegen nedover frå Bygland.

Den fyrste køyrevegen, som stod ferdig i 1842, er ca. 2 km lang, var svært bratt og gjekk ganske så rett fram i tråd med gjeldande franske prinsipp. På ytrekanten er den bygd opp med høge natursteinsmurar, og solide stabbesteinar som rekkverk. Fleire steinmura stikkrenner er synlege og godt bevarte. Vegen passerer over to trebruer som er restaurerte i seinare tid, og båe har brukar av tørrmura stein. I vegkanten står det framleis ein milepæl i støypejern med årstalet 1855.

Etter eit ras i 1870 vart traséen lagd om, og det førte til at stinginga vart redusert. I staden kom det fleire skarpe svingar. Vegen har fleire gonger vore utsett for ras, seinast i 1997 då den vart skada på tre stader. Skogsdrift i nyare tid har også sett sine merke.



Frå postveg til riksveg av Leonhard Jansen, Pål Arnfinn Haugen, Olav Røysland, Harald Tallaksen, Bokbyen Forlag, 2018



Då rutebilane begynte å gå i 1920, var Fånekleiva eit hinder for direkte busstrafikk. I 1923 vart det bygd ein halvtunell som delvis vart sprengt inn i og rundt fjellet. Strekinga er 1,5 km lang, og har fleire møteplassar. På grunn av stadige ras, is- og steinsprang, vart det 1939- 40 bygd eit halvtak over ein del av veggen.

Tidlig på 1960-tallet var kraftutbygginga i full gang i Setesdal. For å komme forbi med store maskinar og utstyr, vart det bestemt å byggje tunell. Den vart teken i bruk i 1962 som den fyrste i sitt slag langsetter rv.9.



Fånefjellsvegen frå 1870; Bilete: Susanne Hegenscheidt

Status Fånefjell:

Fånefjell er eit eineståande stykke veghistorie som dokumenterer ferdsla iallfall dei siste 500 år. Sidan 1995 har det i eit samarbeid mellom Statens Vegvesen og Bygland kommune vorte utført omfattande restaureringsarbeid, og området har i dag status som «Nasjonalt verna vegminne». Alle generasjonar veg er forskriftsfreda etter Kulturminnelova § 22a. Det er sett opp informasjonstavler i baa ender, og det er mogeleg å gå over fjellet og nordover langs den gamle vegtraséen som først går saman med rv. 9 lengst sør på Lauvdal.

Mål: Utvikle og behalde området som turistattraksjon/tursti.

2.6.3. Storstraumen

Byglandsfjorden er lang frå Vassend og opp til Ose. Når setesdølane kom frå byen med vare, leigde dei tidt båtar på Senum og vart rodde opp til Ose.


Kring 1740 var det forresten planar om å grave kanal frå Leirbukti til Fuglekilen. Presten Reier Gjellebøl fortel dette i 1777: «Men til Ulykke fantes i Grunden der, hvor den skulde have sin nye Gang, en Klippe, som tilintetgjorde det hele Verk.»

Frå 1844 var det organisert ferjing over Straumen, men i 1858 vart den fyrste brua, som var ei plankebru, takast i bruk.

Eit knapt tiår seinare vart eit nytt byggjeprojekt sett i gong i samband med at ein trong sluser til dampbåten.

I 1912 begynte arbeidet med utbetring og utviding av slusene, og då vart også trebrua erstatta av ei steinbru av tilhogd stein lagt i mørtel. Langs brua og brukara er det jernrekkverk med stabbesteinar i kvar ende. Nokre år seinare kom også nye slusebruer på plass.

I 1963 var arbeidet med Brokke kraftstasjon godt i gang, og dei store turbinane skulle på plass. Også brua over Storstraumen vart vurdert til å vere i svakaste laget, og ny betongbjelkebru vart bygd.



Slusene ved Storestraumen var ferdige i 1869. Bilete: Frank Egil Reise

Status Storstraumen:

Det er tre slusebruer; ei over sjøve slusa, og to som går over flaumløp eller overløp. Dei fire bruene er alle forskriftsfreda etter Kulturminnelova § 22a og inngår i Nasjonal verneplan.

I 2016 begynte arbeidet med å byggje ein ny rasteplass på nordsida av slusa. Denne vart opna 17. juni 2017. Der er det tilrettelagt for parkering, toalett, bord og benker. Dei gamle slusebruene fungerer som gangveg bort til slusa og vidare til den gamle steinbrua.

Status: Storstraumen er restaurert og forskriftsverna.


Mål: Take vare på området som ein einestående dokumentasjon på veghistorie.

2.6.4. Dampbåten DS Bjoren og bryggjer langs fjorden

8. juni 1867 gjekk dampbåtane Bjoren og Dølen sin første turar på Kilefjorden og på Byglandsfjorden. Dette er eit merkeår i samferdslehistoria i dalen.

Etter 25. november 1896, då Setesdalsbanen vart offisielt opna, korresponderte båtane med toget. (Bjoren vart då flytta opp i Byglandsfjorden.) Åra som følgde vart dampskipsselskapet si glanstid.

I 1909 kom den fyrste automobilen oppover dalen, og frå mai 1920 korresponderte rutebilane med dampbåtane på Ose. I 1929 flytta L/L Setesdal Automobilruter verkstaden sin til Byglandsfjord, og trafikkerte frå då av heile strekinga opp til Berdalsbru. Året etter var båtane utkonkurrerte og drifta vart innstilt.



Olav Fransson Syrtveit overtok, og heldt fram med privat dampbåtsdrift til dei veglause gardane på vestsida av Byglandsfjorden. Siste turen gjekk 18. desember 1957.

Etter eit par tiår i forfall, vart det tidleg på 1980-talet starta opp planlegging av korleis Bjoren kunne restaurerast. Sommaren 1994 begynte den på ny å trafikkere Byglandsfjorden, og har sidan den gong vore ein viktig del av infrastrukturen i reiselivet i dalen. Pr. i dag er årleg antall passasjerar i underkant av 3000. Bygland kommune eig båten, men den vert drifta av Setesdalsmuseet.




Foto: Marit S. Kvaale
DS Bjoren på Byglandsfjorden. Bilete: Marit S. Kvaale

Båtane måtte sjølvstekt ha bryggjer for å vere til nytte. For å take imot varene som vart sende med toget, vart det bygd ei ny dampskipsbryggje på austsida jamsides jernbanestasjonen. Der leste og lossa dei varer, medan dei reisande gjekk om bord frå bryggja nedanfor Breidablikk hotell.

Det vart etter kvart bygt mange bryggjer langs fjorden. På det meste var båtane innom 14 bryggjer vert det sagt: Gullsmemoen, Byglandsfjord ved Breidablikk, Horverak, Dale, Frøyarak, Skjevtrak, Grendi, Longerak, Lauvdal, Bygland, Åraksbø, Frøysnes, Haslebakken, Ose og Granheim. Talet er noko «diffust», og det var ikkje heilt enkelt å vite korleis ein skulle telje. T.d. i Grendi var det og eit fjell ved butikken der båten la til - i tillegg til bryggja nedom kyrkja. Båtane kunne og legge inn ved Vik for folk som skulle opp til Tveitå. I det heile teke la båtane inn berre det «var dogg i graset» - slik at ein kan mest berre bestemme seg for eit tal.

Status: Bjoren er i dag i fast drift på Byglandsfjorden frå mai til 1. september. Den er under kontinuerleg vedlikehald med nødvendig klassifisering frå sjøfartsmyndigheitene.

Bygland kommune har ansvar for tilsyn og vedlikehald av slusene



DS Bjoren står på Riksantikvaren si verneliste, men er ikkje formelt freda. Båten vart i 2018 teken opp som medlem i Norsk foreining for fartøyvern.

Bjoren kan leggje til ved bryggene på Byglandsfjord, Bygland og Ose. Alle brygger er avmerkte på kart i boka «Frå rideveg til postveg».

Mål: Vidareutvikle drifta rundt Bjoren som eit viktig reiselivsmål i regionen. Det vil vere eit mål å få etablert publikumsfasilitetar der gjester frå Bjoren og til museet kan få formidla historie og kulturelle opplevingar i alt slags vær året rundt.



Kulturpatrulja og DS Bjoren ved brygga på Bygland. Bilete: Susanne Hegenscheidt

2.6.5. Byglandsfjord jernbanestasjon

Ved sørenden av Byglandsfjorden ligg det som ei gong var endestasjonen for Setesdalsbanen. Anlegget består av stasjonsbygning, godshus, lokomotivstall og privet, og utgjer ein vesentleg del av samferdslehistoria i Setesdal.

I 1890 vedtok Stortinget utbygging av bane, og offisiell opning var 25. november 1896.

Byglandsfjord stasjon er oppført i 1895 og teikna av den kjente arkitekten Paul A. Due. Byggestilen er dragestil, ein nasjonalromantisk inspirert byggjestil som også er å finne att fleire andre stader på Byglandsfjord.

Byglandsfjord jernbanestasjon vart i 2000 peika ut som Bygland kommune sin tusenårsstad. I 2002 vart heile stasjonsområdet er freda etter kulturminneloven.



Her var svingskive for lokomotiva ved jernbanestasjonen på Byglandsfjord. Bilete: Susanne Hegenscheidt

Fredinga gjeld alle bygningane: Stasjonsbygningen med eksteriør og interiør, privetbygning (do), lokomotivstall, godshus, plattform og lasterampe. Dessutan eit område rundt stasjonen.


Bygda sitt bibliotek har i dag tilhald i stasjonsbygningen, og lokomotivstallen vert av og til brukt som bygda sitt forsamlingslokale. Bryggje og ferjehytte frå ca. 1945 står framleis.

Status: Byglandsfjord stasjonsområde gjer framleis nytte for seg i lokalmiljøet, m.a. som bibliotek og forsamlingshus. Ein freda bygningsmasse gjer at ein må take sørlege omsyn i samband med restaurering. Det er i budsjettokumentet til Bygland kommune i 2019 sett av kr 100 000,- til eit forprosjekt med tanke på framtidig bruk av området.



Byglandsfjord stasjon. Bilete: Malin Hegenscheidt

Mål: Gjennomføre forprosjekt og kartleggje rehabiliteringsbehov



2.6.6. Ose

Då dampbåten Dølen begynte å gå gjennom slusene i 1869, vart dette endestasjonen. Hit kom bøndene oppanfrå dalen for å sende varene sine, og for å hente det som kom med båten. På kort tid voks det fram eit lite sentrum med fleire butikkar, bakeri og turistheim.



Foto: Marit S. Kvaale

Sentrum på Ose ein matmarknadsdag. Turistheim til høgre og Ose Ullvare, vev- og strikkestoge i bakgrunnen.
Bilete: Marit S. Kvaale

Frå seint 1800-tal og framover voks det fram det vi kan kalle ein liten landsby på Ose. Mellom dei gamle gardstuna voks det fram butikkar og verksemder med ein heilt annan arkitektur. Den unike Storstoga frå Heistad vart flytta til Ose i 1906.

Då L/L Setesdal Automobilrutur begynte å køyre sommaren 1920 var det på strekninga Ose Berdalsbru. Ruta sin verkstad var fram til 1929 ved Fossli.

Frå ca. 1960 utvikla Daniel Ose Reiårsfossen Camp nede på Osefiti til ein av dei mest profilerte og best utbygde campingplassane i dalen.

Status: Ose har eit aktivt bygdemiljø sjølv om talet på fastbuande ikkje er spesielt høgt. Ein veileigna arena for festivalar og stemner av ulike slag; anten i Ose sentrum eller på slettene ved Reiårsfossen.


Ein viktig del av ramma rundt festivalane er Storstoga/turistheimen/grendehuset. Vart rusta opp på tidleg 1990-tal, og treng etter kvart meir vedlikehald.

Det er behov for bevaringsreglar som sikrar framtidig ivaretaking.

Mål: Ferdigstille reguleringsplan for Ose sentrum og sikre betre brannovervaking.

2.7. Kulturstiar/Turvegar

Mogeleghetene for å gå tur er mange. Dei fleste tilrettelagde løypene er reine turstiar utan fokus på kulturminne. Om ein ønskjer er det ingen stor jobb å leggje til rette for at den som tek turen også kan



få interessant kulturhistorisk informasjon som del av opplevinga. På den andre sida er truleg det tilbodet ein har av slike turar tilstrekkeleg.

Horgenipen

På grensa mellom Hornnes og Bygland ligg Horgenipen, der ein på toppen finn restar etter ei bygdeborg frå folkevandringstida. Dette er den einaste bygdeborga vi kjenner i Setesdal. Lagt til rette turveg.

Årdalsnopen

Utsiktspunkt på heia aust for Neset camping. Ingen kulturminne.

Fånekleiva

Sjå kap. om Fånefjell.

I Fånefjell er det mange generasjonar veg, og det er lagt til rette med parkering på både sider av dagens tunell slik at den som ønskjer kan vandre ein tur over fjellet.

Statens Vegvesen har sett opp informasjonsskilt, og vegen slik den no er bevart fortel oss mykje om gamle dagars måte å bygge vegar på.

Tjovehедderen

Høgt oppe i lia like sør for Neset Camping er det ei stor hule som er lett synleg for den vegfarande. Tradisjonen fortel at det ein gong i tida helt til røvarar her, derav namnet. Det går merkt veg opp den bratte lia.

Reiårsfossen

Heieveg frå Ose til Reiårsvatnet. Bratt å gå, men storslått utsikt. Segna om den 200 meter høge Reiårsfossen fortel at den fredlause Reiår, som hadde drepe ein mann, kunne fri seg ved å ri over fossen på toppen tre gonger. Då han skulle vise seg og take ein fjerde tur, sklei hesten og både den og Reiår gjekk utfor fossen. Slik fekk fossen namnet sitt.



Reiårsfossen ved Ose. Bilete: Tommy Schmidt


Otra elvepark

Midt-Agder friluftsråd har teke initiativ til at det vert lagt til rette for turløyper langs eller i nærleiken av Otra. Førabels er ein på kartleggingsstadiet av kva som kan vere mogeleg å få til.

På nettstaden ut.no finn ein eit oversyn over kartfesta turløyper i kommunane. Ei slik side har eit stort utviklingspotensiale.

Status: Ingen informasjon eller tilrettelegging for formidling.

Mål: Godt tilrettelagt nettverk av turstiar.



2.8. Museum

Setesdalsmuseet er eit regionalt museum for dei fire kommunane i regionen pluss Iveland. Eigarforholda til dei ulike museumsavdelingane er ulike. Museumsbygg og samlingar i Valle kommune er formelt eigde av kommunen eller Setesdalsmuseet Eigedom IKS. I praksis er Setesdalsmuseet eit driftsselskap for alle museum i dalen.



Folkedans på Bygland tun. Bilete: Marit S. Kvaale

Frå 1.1.2015 er Setesdalsmuseet ein del av Aust-Agder museum og arkiv som famnar heile fylket.

Museet forvaltar også ei stor gjenstandssamling, og ei stor samling historiske foto som har plass i museet sine magasin.

Museet har særleg kompetanse innan bygningsvern, og eit eige bygningsvernssenter er knytta opp mot museet. Bidreg med rådgjeving innan kulturminnevern, formidlar handlingsboren kunnskap gjennom kurs, og dokumenterer verneverdige bygningar.

Museet har også ei omfattande tekstilavdeling, som i tillegg til konservering og oppbevaring av tekstilar, særleg knytta til den gamle bondekulturen, også dokumenterer og formidlar handlingsboren kunnskap.

Museet har egne rutinar for forvaltning av dei anlegga som høyrer til museet.

Museumsanlegg:

Bygland museum


Bygningar flytta til plassen. Våningshus, lopt, stolpehus, løe, kvern. Eigar Bygland kommune.

Storstoga/Ose turistheim

Sjå eige kapittel.



Bygland museum. Bilete: Leonhard Jansen / Setesdalsmuseet



Husmannsplassen Hagen

Stogehus, løe,
stolpehus. Eigar Bygland
kommune /
Setesdalsmuseet
Eigedom IKS.

Løylandsloftet Grendi

Samla av Jon Løyland. Eigar
Setesdalsmuseet. På
nedsida av rv. 9 står
Landeieika, som er eit
eldgamalt landemerke i
Grendi.



Husmannsplassen Hagen på Lauvdal. Bilete: Malin Hegenscheidt

**Byglandsfjord
stasjonsområdet**
Sjå eige kapittel.

Status: Antikvariske bygg som Setesdalsmuseet har ansvar for er under kontinuerleg tilsyn. Behov for vedlikehald vert forløpande vurdert og prioritert

Mål: Oppretthalde eit nivå på vedlikehald som sikrar bygningane for skadar og forfall. Det er ein føremøn å få etablert publikumsfasilitetar der gjester frå Bjoren og til museet kan få formidla historie og kulturelle opplevingar i alt slags vær året rundt.

2.9. Immateriell kulturarv




Håndarbeid. Bilete: Marit S. Kvaale

På Kulturrådet si nettside les vi dette:

Immateriell kulturarv er levende tradisjoner og tradisjonell kunnskap som blir overført mellom folk. Kunnskapen blir praktisert i dag og ført vidare gjennom kreative uttrykksmåter, som håndverk, musikk, dans, mattradisjoner, ritualer og muntlige fortellinger.

Kulturrådet har ansvar for å implementere UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven og er Kulturdepartementets fagorgan på dette feltet. Formålet med konvensjonen er å øke respekt for og kunnskap om immateriell kulturarv. Den immaterielle kulturarven til urfolk og nasjonale minoriteter i Norge er et prioritert område for Kulturrådets arbeid.



I denne planen vert det ikkje lagt opp til strategiar/tiltak i forhold til immateriell kulturarv med eitt unntak: folkemusikk, song og dans. Grunngeving for det er at søknad om opptak på UNESCOs Representativ List vart godkjent på UNESCOs 14th Session of the Intergovernmental Committee for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage of Humanity i Bogotá, Colombia 9.-14. desember 2019.

Det er viktig at kulturskule og grunnskule gir undervisning i tradisjonsmusikk, folkedans og annan folketradisjon.




Austad leikarring dansar på Byglandsheimen. Bilete: Inge Olav Fjalestad


Samstundes må skulane legge vekt på den identitetsskapande verdien av dialektane, nynorsk, forteljartradisjon og stadnamn. Frivillige organisasjonar og andre verksemder som representerer tradisjonsmusikk og folkekultur bør vere naturlege samarbeidspartnarar.

Ut over dette vil vi peike på følgjande:

- Agder folkemusikkarkiv har utført dokumentasjon på folkemusikk, -song og -dans. Innsamla stoff er digitalisert, indeksert og lagra på server.
- Immateriell kulturarv er eitt av 4 særlege satsingsområde for Aust-Agder museum og arkiv, og hovudansvaret er lagt til Setesdalsmuseet. Innan bygningsvern, tekstil og delvis også forteljarkunst/folkeminne vert det lagt ned arbeid.
- Eit rikt tilfang av lokalhistoriske bøker med ulikt innhald, der dei fleste delar av bygdelivet har fått si historie.



*Frå: Gamalt or Sætedal av Johannes Skar
Bilete: Susanne Hegenscheidt*



- Det storslegne bokverket til Johannes Skar: *Gamalt or Sætedal, bd. I-III*, Oslo 1961- 63 hentar det meste av tilfanget sitt frå kommunane Valle og Bygland.
- Det er lagt ned mykje arbeid i dokumentasjon av drakttradisjonar/setesdalsbunaden.
- Stadnamninnsamling: Fleire tusen stadnamn i Valle er lagt inn på Staten Kartverk sine sider. Nytt stadnamnprosjekt starta 01.01.2020, finansiert av midlar frå Norsk språkråd og Valle kommune, i samarbeid med Setesdalsmuseet.
- Vallemål.no er ei eineståande samling av dialektord frå Setesdal samla i ein database. Alt i 2012 var det samla 10 000 ord.
- Setesdalsmuseet forvaltar ei stor gjenstandssamling, og ei stor samling historiske foto som har plass i museet sine magasin.

Status: Agder folkemusikkarkiv har store samlingar.

Søknad om opptak på UNESCOs verdsarvliste vart innvilga i Colombia i desember 2019.

Mål: Den immaterielle kulturarven må få auka fokus, verte meir synleg og det må satsast meir på rekruttering og formidling.

2.10. Kraftutbygging

Kraftutbygginga i Setesdal begynner etter kvart å verte gamal. Alt i 1905 vart det bygd dam sør for Byglandsfjord for å samle vatn til produksjon av elektrisk kraft lenger nede i dalen. Damvaktarbustaden står enno i skogen på vestsida av elva.

Ti år seinare stod dalens første kraftverk klart til å takast i bruk i samband med at Landeskogen tok imot dei fyrste pasientane. Det vart bygt inntaksdam i Longeraksåne, og rørygate ned til kraftstasjonen nede i bygda. Longerak kraftstasjon liknar mest av alt på eit middelalderslott, men er framleis i full produksjon.

Åraksbø kraftverk var eit privat elektrisitetsverk som vart bygt for å utnytte vasskraft i Hovassåne. Sjølve kraftstasjonen låg i Skrikarjuvet nedanfor Nordenå. Så vidt vi kjenner til er det heller ikkje att noko av dette.




Longerak kraftstasjon. Bilete: Susanne Hegenscheidt

Status: Dei fleste anlegg er framleis i drift i regi av Agder Energi/Otra kraft.

Mål: Synleggjere Longerak kraftstasjon som eit særmerkt kulturminne.

Tiltak: Rydde skogen. Skilte.

Ansvar: Otteraaen Brugseierforening/Otra Kraft/Agder Energi og Grunneigar.



2.11. Gruvedrift

At der paa visse Steder i disse store Bjerge og Fjelde findes adskillige Tegn til Mineralia, Metaller og Ertser, maa ikke tvivles paa, endskjøndt ikke i den Mængde, at det vilde lønne Umagen at anlægge kostbare Verker for sammes Skyld.

Dette skreiv soknepresten i Valle, Reier Gjellebøl, i 1770-åra. Men vel hundre år før det hadde kristianssandskjøpmannen Peder Linde starta opp gruvedrift i Straumsheia. Gamlegruve, er framleis å sjå austanfor Straumsfjorden, ikkje langt frå støylen Glott.

I 1844, vart Sætersdalens Koberværk skipa av interessantar i Kristiansand. Gamlegruve vart sett i drift att, saman med to nye gruver inne ved Ramvatn; Oskargruve og Amaliegruve. Det vart sett opp store bygningar ved Ramvatn innforbi Straumsfjorden, og året etter fortel folketeljinga at det heldt til 12 mann der inne. Samstundes var 34 mann i arbeid i Bøgruva i Valle.

Sjølve koparverket vart sett opp i Åraksbø. Den lange og tunge transporten av malm frå Straumsheia og frå Bø gjekk føre seg på vinterføre. Likevel vart produksjonen alt for liten. Nokre år seinare var verket godt som nedlagt.

Kulturminne av interesse

- Verksområdet Åraksbø.
- Dam i Hovatn.
- Hamregruva

Status: Ingen informasjon eller tilrettelegging for formidling.

Mål: Sikre at det ikkje vert gjort inngrep i minna etter denne verksemda. Særleg Åraksbø er sårbart.




Modell av koparverket i Åraksbø. Laga av Bjarne Nordgarden og elevar ved Bygland skule. Bilete: Susanne Hegenscheidt

2.12. Tømmerfløting

Tømmerfløtinga i Otravassdraget har røter tilbake til 1500-talet eller tidleg 1600-tal. Alt i 1660-åra høyrer vi om skogar som er «aldeeles udhuggen». Einaste måten å frakte tømmer til sjøen (frå 1641 Kristiansand) på, var fløting i Otra. I forbindelse med dette er det mange stadar gjort inngrep i elva for å gjere fløtinga lettare, i praksis var føremålet å unngå at tømmeret slo seg sund, samla seg i vasar, vart sendt på land.

I øvre del av dalen er dette i dag mest synleg i form av tømmerkjermar, murar som vart bygde der tømmeret var utsett for å verte sendt på land. Frå Ose vart tømmeret gjerne samla i buntar og dregne med båt. Langs Byglandfjorden er det mange stader merke etter dette. Det var bommar på Ose og på Bygland. Nedanfor Storstraumen var det ei fossekarhytte osb.

Det var også fløting i fleire av sideelvane. M.a. i Jordalsåne, Skomeåne og Kvålsåne.



I samband med tømmerfløtinga vart det i 1891 kjøpt ein slepebåt som fekk namnet Tor (eller Thor). Den hadde slippen sin ved sida av ferja på Gullsmedmoen. Den siste slepebåten, Thor II, kom på vatnet 7. juni. 1961 og var i drift fram til tømmerfløtinga vart innstilt på 1970- talet. Dei siste stokkane vart støytte på fjorden i 1977. Thor står no lagra i ei løe i Grendi.

Status: Det er ikkje samlande oversyn på dette temaet.

Mål: Utarbeide eit oversyn over kulturminne etter tømmerfløtinga.

Tiltak: Registrere minne etter tømmerfløtinga

Ansvar: Bygland kommune.

2.13. Krigsminne

Kulturminne frå krigsåra er det vi kallar eit kulturminne frå nyare tid, og har i utgangspunktet ikkje noko vern når kommunane lagar reguleringsplanar. Mykje av dette er i ferd med å forsvinne, og i retningslinene for utarbeiding av kulturminneplanar vert det understreka viktigheita av å ha eit fokus nettopp på dette. Det begynner å bli att så få slike, at det som faktisk eksisterer er verdt å take vare på.

Registrerte plassar er

- Langeid. Trallebane sør for Langeid etablert i samband med vegprosjekt over til Sirdal. Dokumentert på foto.
- Skomedal. Flyvarslingsspost ved sida av huset til kunstmålar Egil Iveland. Grunnmur etter tårn, MG-stillingar og løpegrav. Noko kan ha vorte grave vekk i samband med siste vegprosjekt.
- Longerak. Tysk flyobservasjonspost. Ingen merke i landskapet i dag. Setesdalsvegen 2106. Underdel av tårn står ved vegen opp til Kraftstasjonen (eigar Sigrid Nersten Lunden). Toppen er truleg på Rysstad.


Flyvraket

8. september 1941 vart eit britisk bombeflye skote ned i heia vest for Bygland, og heile mannskapet på 7 personar omkom. Det styrta til slutt i Songedalslia, nord for Melejuvet, og det er framleis delar av flyet som ligg i området. Bygland kommune har sett opp ei minneplate på staden.

Mål: Take særskilt omsyn til dei få krigsminna som er att skal det takast særskilt omsyn til ved framtidige byggjeprojekt.



Flyvraket nord for Melejuvet i Bygland. Bilete: Reidar Tveito



3. PRIORITERINGAR

Det er mange kulturminne i Bygland kommune. Det er uråd å ha fokus på alle samtidig. Målet er å kome i gang med forvaltning av ei overkomeleg mengde kulturminne. Prioriteringa vil då gå på kulturminne som er der folk er. I praksis vil det bety at dei prioriterte kulturminna i handlingsplanen ligg nær rv. 9.


Skal ein byggje opp under ei oppfatning at forvaltning av kulturminne er positivt for bygdene våre, og gjere det meiningsfullt for folk flest, må ein setje inn tiltak der det er mogeleg å sjå resultat av ein slik karakter at folk vert stolte. Dette vil vi vise fram også når nokon gjester dalen og bygdene våre. Reiselivsnæringa er viktig i Setesdal, og dersom kulturminnerikdommen kan bidrage til å støtte opp rundt denne, har den også viktig betydning i næringsssammenheng. For svært mange er kunnskap om lokal kultur noko ein svært gjerne tek med seg som ein del av ei reiseoppleving.

Det er også viktig at ein gjer eit utval med litt breidde for å fange interessa hjå flest mogeleg. Vi har ein spennande historie og ein unik kultur som det med god grunn til å stoppe opp med og setje seg betre inn i.

Mål: Kulturminneplanen skal liggje føre som eit av mange grunnlag i høve komande budsjettplanlegging i kommunen.

Handlingsplan


Handlingsplanen viser kva for tiltak som vert prioriterte og når ein ser føre seg at arbeidet kan setjast i gang. Ved rullering av planen vil dette kunne endre seg.




*Kommunenes kulturlandskapsdag i Åraksbø 25.08.2020.
Aadni Sollid fortel om Haugeburet. Bilete: Susanne Hegenscheidt*

Ein ser også føre seg at private ønskjer å take initiativ på eigen eigedom, og at friviljuge lag og organisasjonar ønskjer å gjennomføre prosjekt som kanskje ikkje står i denne planen eller er prioritert. I slike høve må ein vere open for å sjå kva mogelegheiter kommunen måtte ha til å sjå positivt også på dette i form av tilskott eller annan bistand.


Ein ønskjer at kulturminneforvaltninga skal vere basert på eit samvirke mellom kommune, grunneigarar og friviljuge.




Tema	Mål / Objekt	Tiltak	Kostnad / finansiering	Ansvar	Prioritering / år
Forhistoriske fornminne	Redusere tap av fornminne	Utarbeide skjøtelsesplanar for viktige arkeologiske kulturminne		Kulturhistorisk museum Agder fylkeskommune Bygland kommune	
Bygningsvern	Behalde eit representativt utval av eldre bygningsmase				
	Oppdatert SEFRAK-register	Registrere eit representativt utval bygg eldre yngre enn 1900 og eldre bygg som ikkje vart registrerte i SEFRAK		Agder fylkeskommune Bygland kommune Aust-Agder museum og arkiv Eigarane	
		Leggje til rette for og gjere eigarane kjende med støtteordningar for opprusting av eldre bygg			
		Stille til disposisjon kunnskap om å take vare på eldre hus.			
		Etablere kompetansesenter for middelalderbygning ar ved Setesdalsmuseet			
Kulturlandskap	Behalde eit variert og representativt utval kulturlandskap.			Diverse departement Riksantikvaren Agder fylkeskommune Bygland kommune Gruneigarar	
		Etablere positive samarbeidsprosjekt med grunneigarar. Kulturlandskapet må brukast om det skal			



		bestå.			
		Gjere tilskotsordningar kjent, og prioritere rettleiing/oppfølging på tiltak i kulturlandskapet.			
Kyrkjer og kyrkjegardar	Sikre framtidig vedlikehald av kyrkjene	Utarbeide FDV-planar for kyrkjene		Den norske kyrkja Riksantikvaren Bygland kommune	
		Utarbeide skjøtselplanar for kyrkjegardar som ikkje lenger er i bruk.			
Kommunikasjon	Behalde og formidle eit representativt utval av vegminne/kommunikasjonar			Statens Vegvesen Riksantikvaren Agder fylkeskommune Bygland kommune	
Kommunikasjon	Storstraumen	Take vare på området som ein einestående dokumentasjon på veghistorie.		Statens Vegvesen Riksantikvaren Agder fylkeskommune Bygland kommune	
Kommunikasjon	Fånefjell. Utvikle området som turistattraksjon/turisti	Bryggje ved Fånefjell.		Statens Vegvesen Riksantikvaren Agder fylkeskommune Bygland kommune	
Kommunikasjon	DS Bjoren. Vidareutvikle drifta av dampbåten Bjoren som eit viktig reiselivsmål i regionen	Setje i stand bryggjer: Neset camping, Grendi, Lauvdal og Åraksbø.		Primært Bygland kommune.	
Kommunikasjon	Byglandsfjord jernbanestasjon	Gjennomføre forprosjekt og kartleggje rehabiliterings-behov	200 000,- Ligg inne i budsjettvedtaket for 2020.	Bygland kommune i samarbeid med Byglandsfjord Stasjons Venner	2020
Kommunikasjon	Ose		250 000,- Ligg inne i budsjettvedtaket	Bygland kommune	2020



			for 2020.		
Kulturstar / Turvegår	Godt tilrettelagt nettverk av turstar.	Rydde, merke, utarbeide kart og informasjon		Midt-Agder Friluftsråd, Reiselivsnæringa, Bygland kommune	
Museum	Bygland museum Husmannsplassen Hagen	Oppretthalde eit nivå på vedlikehald som sikrar bygningane for skadar og forfall. Leggje på nytt torvtak på Heistadstoga	120 000,- Ligg inne i budsjettvedtaket for 2020.	Riksantikvaren Bykle, Valle og Bygland kommunar (Setesdalsmuseet Eigedom IKS) Aust-Agder museum og arkiv	2020
Immateriell kulturarv	Godkjent listeføring på Unescos representative liste og større synlegheit gir at det må satsast meir på formidling. Take vare på, formidle og auke bevisstheita rundt den immaterielle kulturarven. For Bygland kommune er det viktig å jobbe for å få ein regional og nasjonal posisjon innaføre den tekstile kulturarven.	Økonomiske og menneskelege ressursar til å forvalte denne delen av kulturarven.	Den immaterielle kulturarven blir fokusert på ved snarleg revidering av kulturminneplanen	Kulturdepartement et Agder fylkeskommune Kommunane i Setesdal Agder folkemusikkarkiv Aust-Agder museum og arkiv	Bygland kommune sin planstrategi avklårar revisjonstids - punkt
Kraftutbygging	Synleggjere Longerak kraftstasjon som eit særmerkt kulturminne.	Rydde skog, skilte.		Kraftutbyggjar Grunneigarar Bygland kommune	
Gruvedrift	Sikre at det ikkje vert gjort inngrep i minna etter denne verksemda. Særleg Åraksbø er sårbart.	Ingen		Bygland kommune Grunneigarar	
Tømmerfløting	Utarbeide eit oversyn over kulturminne etter tømmerfløtinga.	Ingen		Bygland kommune	



Krigsminne	Take særskilt omsyn til eksisterande krigsminne ved byggjeprojekt	Ingen		Bygland kommune	
Informasjonstiltak	Åraksbø	Formidling av utviklinga gjennom tidene i Åraksbøbygda. Bilde – og tekstinnsamling	Eigeninnsats og offentlige instansar.	Innbyggjarar i Åraksbø v / Olav Haugetveit Bygland kommune ynskjer å bidrage så langt ein kan.	

Bygland kommune ynskjer også å ha eit nært samarbeid med Setesdal Sogelag i kulturminnearbeidet.

4. VEDLEGG

I arbeidet med denne kulturminneplanen har ein sett det som nødvendig å avgrense seg. Uti frå ei vurdering av kva som kan vere realistisk å tenkje seg som satsingsområde, har dei tema som er nemnde i vedlegget ikkje vorte vurderte i denne omgangen. Det er førebels ikkje ressursar tilgjengelege til satsing også her.

4.1. Landeskogen


Kampen mot tuberkulose vart intensivert tidleg på 1900-talet, og som det fyrste av fleire statlege tuberkulosesanatorium vart Landeskogen bygt i åra 1912-1917. Fleire av dei opphavlege bygningane står der framleis, men sjølv hovudbygningen er nyare, og sett opp etter at den gamle brann i 1942.

I 1962 var det ikkje lenger behov for tuberkulosesanatorium, og Landeskogen vart no åndsvakeheim fram til HVPU-reformen resulterte i nedlegging på tidleg 1990-tal.



Bygd som sanatorium, noverande Landeskogen Fredssenter. Bilete: Johannes Hansen

Etter mykje fram og tilbake vart Landeskogen Peace Center etablert i 2010 med Helga Arntzen og Aktive Fredsreiser som nye drivarar. Landeskogen vert forvalta av Aktive Fredsreiser.




4.2. Øydegardar og støylar

Nedgangstidene i seinmiddelalderen fall saman med at det viktige arbeidet med å utvinne jern vart borte frå bygdene våre. Folk trekte ned frå heiane – der truleg utvinning av jern hadde vore ein viktig del av eksistensgrunnlaget – og begynte å dyrke korn på gardane nede i dalen. Mange bruk stod tomme, og store, ledige areal gjorde det mogeleg å dyrke tilstrekkeleg med korn til å livnære seg gjennom vinteren. I ein perioden kan ein rekne med høg grad av sjølvberging.

Mange av desse tidlegare gardane vart tekne opp att som støylar på 1700-talet. I nedre delar av Bygland er nemninga øydegard synonymet med støyl, og i kjeldene er det mange gonger vanskeleg å skilje nemninga «Ødegaard» i betydninga «nedlagt gard» eller Ødegaard i betydninga støyl.

Støylsdrifta auka på mykje utover på 1800-talet, og det meste av heiane var i bruk til slåtter og beite til etter 1945. Kwart gardsbruk hadde fleire støylar som ein veksla på å bruke til slått, beite eller kvileår.



Ku på sommarbeite. Bilete: Frank Egil Reise

Vi vil trekkje fram følgjande dalar/område med særleg interesse. For fleire av desse er det mogeleg å dokumentere fast busetjing.

- Grendi – innover mot Valbjørgvatnet
- Lauvdal – Nautedalen
- Årdalen
- Skomedalen
- Reiårvatnet

For å dokumentere kunnskap om livet på støylen er det på tide å kome i gang med innsamling.



Reiårvatnet. Bilete: Tommy Schmidt

Dei som framleis minnest støylslivet er no i ferd med å verte svært gamle.


Status: SVR Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde har eit eige vern med eigne forvaltningsplanar og eige forvaltningssekretariat.

Mål/tiltak: Ein har valt å ikkje take prioritere heiane i denne planen.

Ansvar: Forvaltning av landskap og kulturminne i store delar av heiane våre er lagt til SVR.

4.3. Skular og forsamlingshus

På 1800-talet var organiseringa av samfunnet i endring. Kommunikasjonane vart utbygde, og det var ei nasjonal reising som mellom anna innebar at tilreisande kom for å leite etter det typisk norske, den nasjonale identiteten. Det vart bygd skular slik at alle skulle få lære å lese og skrive.



Tradisjonelle band mellom rik og fattig, bonde og husmann, vart borte. Omgrepet arbeidsfolk vart vanleg – folk som ikkje eigde anten gar eller grunn, men livnærde seg med å arbeide for andre. I kyrkjene begynte lekfolk å preike. Den nye måte å knyte ting saman på var organisasjonane.

Organisasjonane kom til å binde nordmenn saman både lokalt og nasjonalt. Frå om lag 1840 begynte ein å tale om «assosiasjonsånden» som gjekk over landet. Ytringsfridom gav langt på veg organisasjonsfridom, særleg frå midten av hundreåret. Mange typar organisasjonar voks fram. I våre bygder var det to rørsler som kvar for seg peika i kvar si retning; ungdomslaga og dei kristne organisasjonane.

Felles for alt dette var at det vart bygt hus til aktivitetane. Fram til då hadde kyrkjene – utanom nokre få, større private hus - vore dei einaste stadene der mange kunne samlast under eitt tak.




Det gamle skulehuset og noverande grendehuset i Åraksbø. Bilete: Susanne Hegenscheidt

Tiltak: Ein har valt å halde gamle skulehus / forsamlingshus utanfor denne planen.

Litteratur

- Austad, Aslak: Jubileumsskrift. Austad kyrkje på Tveit. Austad 1980.
- Bolling, Reidar: Kyrkjeliv i Bygland. Kristiansand 1938.
- Bygland soge. Bygland 1939.
- Egeland, Olav: I/S Øvre Otra/Otra kraft DA 50 år. 1960-2010. Rysstad 2011. Eldhuset, Åsmund: Jubileumsskrift. Sandnes kyrkje 150 år. 1844 - 1994. Bygland 1994. Hagestad, Tønnes: Fløtningens historie i Otra og Tovdalselva. Kristiansand 1988. Jansen, Leonhard og Alfred Ryningen. Valle kommune. Kultursoge. Bd. VII og VIII. Valle 1994. Jansen, Leonhard m.fl. (red.): Spor i Setesdalsjord. Rysstad 2013. Jansen, Leonhard m.fl.: Frå postveg til riksveg. Vegar og vegminne lands riksveg 9. Tvedestrand 2018.
- Løyland, Olav: Årdal kyrkje 150 år. Jubileumsskrift. Bygland 1978.
- Olsen, Roar (red.): Frå gamp til damp. Setesdalsbanen de første hundre år. Kristiansand 1996.
- Midtun, Gisle: Norske bygder. Bd. 1, Setesdalen. Oslo 1921.
- Moseid, Torgeir: Frå kveg til cruise. Rysstad 2018.
- Skomedal, Sigmund: I skiftende tider. Otteraaens brugseierforening gjennom 85 år. 1985. Vollen, Reidar: Bygland gard og ætt. Bd. I-VII. Bygland 2002-12.
- Tveito, Reidar: Riksveg 9. Bruer og særtrekk langs vegen. Byglandsfjord 2014. Tveito, Reidar: Ridesti og gamle vegar omkring Byglandsfjord. Byglandsfjord 2017. Tveito, Reidar: Ferja, brua og ny-vegen i og omkring Byglandsfjord. Byglandsfjord 2018. Vevstad, Andreas: Fosskarane og åna. Om Fellesfløtningen i Otra og Vennesla bom. Kristiansand 1999.



Rapportar og registreringar

- Aust-Agder fylke: Rapport frå kulturhistorisk registrering. Rv. 9 Krokå-Langeid. Arendal 2010.
- Christiansen, Tormod og Leonhard Jansen: Registrering av tyske krigsminne i Valle og Bygland, Aust-Agder fylke. 2018.
- Egerhei, Tom og Janne Johnsen: Mulighetsstudie for Otra elvepark. Kristiansand 2019.
- Fylkesmannen i Aust-Agder. Regionalt miljøprogram for Agder 2019–2022. Arendal 2019. Jansen, Leonhard: Grunnregistrering av kulturminne i samband med utbetring av veg Frøysnes. Rysstad 2006.
- Jansen, Leonhard: Grunnregistrering av kulturminne i samband med utbetring av veg Tveit Langeid. Rysstad 2008.
- Jansen, Leonhard, Ingvild Paulsen og Nils Ole sundet: Spor i Setesdalsjord. Tvedestrand 2014. Jansen, Leonhard m.fl.: Frå postveg til riksveg. Tvedestrand 2016.
- Paulsen Knut Erik og Anders Dalseg: Bygningar i Setesdalsmuseet eigedom IKS. Rysstad 2018. Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Heiplanen. 2012-13.
- Reitan, Gaute: Rapport frå arkeologisk utgraving. Bosetningsspor fra yngre bronsealder, eldre - og yngre jernalder og middelalder, dyrkningsspor fra jernalder, samt produksjonsplass med esser fra eldre jernalder Moi (gnr. 12/1, 2, 3 og 4), Bygland kommune, Aust-Agder. Oslo 2009.
- Riksantikvaren. Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse på Agder. Oslo 2019. Setesdal regionråd. Levande og lønsame kulturlandskap i Setesdal. Valle 2010. Statens Vegvesen. Vegminner i Aust-Agder. Arendal 2000.
- Statens Vegvesen/Asplan Viak: Konsekvensanalyse for ny rv. 9 Frøysnes, Bygland kommune Region Sør. Arendal 2006.
- Statens Vegvesen: Rv. 9 Tveit-Langeid Kommunedelplan med konsekvensutredning Statens Vegvesen/NIKU. Konsekvensanalyse kulturminner og kulturmiljø RV09 skomedal. Oslo 2004.
- Svalheim, Ellen og Leonhard Jansen: Stølslandskapet på indre Agder. Arendal 2002. Svalheim, Ellen: Forvaltningsplan for Åraksbø, Bygland kommune. Bioforsk Rapport. Vol. 3 Nr. 128. Arendal 2008.
- SVR. Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). 2015.
- Telemark fylkeskommune. Kulturminner på Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. En statusrapport. 2011.
- Wenn, Camilla Cecilie m.fl.: Rapport frå arkeologisk utgraving. Rv. 9 Krokå-Langeid. Del I. Bosetningsspor, produksjonsspor og dyrkningsspor fra mesolitikum, jernalder og middelalder Langeid øvre, 2/1, 2 Bygland k., Aust-Agder. Oslo 2016
- Wenn, Camilla Cecilie m.fl.: Rapport frå arkeologisk utgraving. Rv. 9 Krokå-Langeid. Del II. Gravfelt frå vikingtid. Langeid øvre, 2/1, 2 Bygland k., Aust-Agder. Oslo 2016. Wenn, Camilla Cecilie m.fl.: Rapport frå arkeologisk utgraving. Rv. 9 Krokå-Langeid. Del III. Vedlegg. Langeid øvre, 2/1, 2 Bygland k., Aust-Agder. Oslo 2016.